

Til: Sogn og Fjordane Fylkeskommune v/ fylkesrådmannen
Fra: NHO Sogn og Fjordane
Kopi: Fylkesordfører
Dato: 18. oktober 2013
Sak: Teknisk Fagskule i fylket

Viser til sak 23/13 frå møte i hovudutval for opplæring 24/09. Her heiter det at hovudutvalet sluttar seg til fylkesdirektøren si skisse til sektorbudsjett 2014 og økonomiplan 2014-2017.

Vårt notat avgrensar seg til å gjelde Fagskulen i fylket.

Gjennom saka kjem det fram at Fagskulen si avd. i Førde driv i leigde lokale, og at leigeavtalen går ut i planperioden. Det kjem også fram at det er varsla ein nasjonal gjennomgang av fagskuleordninga. ”I lys av fylkeskommunen si samla bygningsmasse og kostnad knytt til drift av Fagskulen, ser fylkesrådmannen det som naudsynt å gå gjennom drift og organisering av Fagskulen i løpet av 2014,” heter det.

Fagskulen i Sogn og Fjordane har to avdelingar; i Måløy med tilbod innan maritime fag og Førde med tilbod om maskinfag, elektrofag og byggfag.

Det er ikkje tvil om at næringslivet i fylket har hatt stor nytte og hjelp av Fagskulen sine to avdelingar når det gjeld å utdanne kompetanse innan ulike fagområde. Fagskulen har spelt på lag med næringslivet, og vore lydhøyr i høve til kva behov bedriftene har for kompetanse. Dette er svært viktig for vekst og utvikling i fylket, og vitnar om godt samarbeid.

Uroa vår no er knytt til at Fagskulen skal bli ein del av skulestrukturkabal, som vi ikkje trur er avslutta. Dagens struktur, med ei avdeling i Måløy og ei i Førde, meiner vi er viktig å halde på. Vi er redde for at tilbodet skal bli spreidd utover på fleire skular i fylket og såleis miste krafta si som kompetansesenter innan dei ulike fagområda.

Vi vil i staden oppmode om at det blir lagt til rette for at Fagskulen i Førde blir knytt sterkare opp mot HiSF og ingeniørmiljøet der, inkl. laboratoriumsfasilitetane. Slik NHO Sogn og Fjordane ser det vil ei slik kopling kunne gje gode effektar både i høve til rekruttering til realfaga, omdømet og adekvat kompetansetilgang.

Som nemnt er Fagskulen i dag ein svært viktig leverandør av kompetanse til eit næringsliv som treng kvalifisert arbeidskraft. Dette behovet vil ikkje bli mindre med åra. Då treng vi meir enn nokon gong å bygge opp sterke og attraktive fagmiljø. I eit fylke som Sogn og Fjordane kan ikkje slike miljø byggast alle stader. Ein lyt prioritere.

Det er i denne samanheng også verd å merke seg at den nye regjeringsplattforma inneheld element om fagskular. Kven som skal stå som "eigar" av denne utdanninga, staten eller fylka, er såleis blitt eit ope spørsmål. På bakgrunn av dette vil det etter vår meining vere uklokt å vurdere strukturelle grep for Fagskulen i fylket.

Med vennleg helsing

Jan Atle Stang
Regiøndirektør NHO Sogn og Fjordane